



Årsmelding 2018

- Styret i kunstlaget har i 2018 bestått av: Leiar Mette Marei Træland. Nestleiar: Kristin Wenneberg, Styremedlem: Eirik W Astrup, , Kasserar: Signar Kristoffersen, Varamedlem: Ann Blomberg, Wenche Bettum, Laila Gangstad. Revisor: Helge Haugland.
- Valnemd: Anne Valaker, Åshild Ståløy
- Utstillingskomite: Styret

Antall styremøter:

Det har vore 8 styremøter i 2018.

Styrat har handsama 64 saker.

Andre aktivitetar.

Styret valde å gå inn med leigeavtale på

Flatøy skule frå 1. oktober 2017.



Vi disponerar andre høgda i personalavdelinga på skulen. Og har fast oppvarma lokale måndagar og onsdagar om ettermiddagen/ kvelden i husleigeprisen.

Onsdagane i 2018 har det vore fast malegruppe med medlemar som kjem og arbeider med bilete.

Styret har hatt styremøte på onsdagane. Frå mars 2019 vert styremøta måndagar.

Styret har laga til kunstbibliotek i lokala, og montert lerret / projektor som kan verte nytta oppe på kontoret / arbeidsrommet.

Kunstlaget har vore representert på møte i Lindås kulturstyre, og andre informasjonsmøter der vi har hatt høve til det.

Kunstlaget har søkt om midlar til «ALVER» prosjekt. Det er planar om eit prosjekt med ungdomsklubbane i dei tre kommunane i høve strandrydding i mai 2019.

Leiar har vore med på møte med Flatøy bygdelag. Dei er positive til å ha oss som leigetakar vidare.

I høve logo for Frekhaug Ungdomsklubb har Eirik Astrup vore aktivt med på utvelgelsesprosessen.

Leiar har hatt møte med bibliotekleiar i «Strilabiblioteket». Kunstlaget kan stille ut bilete på biblioteket på Frekhaug.

Vi vil freiste å ha samarbeid med «Strilabiblioteket» med kunstforedrag i 2019.

Styret meiner det er ei sær s viktig oppgåve for laget å arbeide for å skapa arena og interesse for kunstnerisk aktivitet og produksjon i alle aldersgrupper.

Utstillingar i 2018:

Vårutstilling på Flatøy skule 14. og 15. juni.

Utstillinga vart opna av Helge Haugland, og ein god del fann vegen til skulen denne helga. Dette var ei salsutstilling. Lokalavisa skreiv flott artikkel om arrangementet.

Utstillinga var flott arrangert av utstillingskomiteen, -representantar frå styret.

16 september hadde Kunstlaget utstilling i samband med at Eknesvågens vener opna «Galleri Erling» i butikkbbygget der det og er bokcafe`. Dette var ei utstilling der vi ikkje hadde sal av bilete, men markedsførte Kunstlaget.

Utstilling/ konsert i Nordgardsløa på Frekhaug 3. februar i samarbeid med Musikkens Venner i Nordhordland. Dette var vellukka, og vi ynskjer å ha fleire slike samarbeidsprosjekt i 2019.

Vi fekk bruke nyinnkjøpte staffeli som kan verte nytta til kurs og utstillingar. Det vil vere mogeleg for medlemmane å låne staffeli til eigne utstillingar - `pop ups`.

Medlemsmøte:

- Det har vore arrangert to medlemsmøte - på Flatøy skule i «kurs / festlokalet».
- 6 september : Grethe Berge fortalte om sitt liv som kunstnar,
- og det vart servert kaffe/ kaker.
- 7 november arrangerte vi julemøte. Grete Smedal hadde foredrag « Farge som språk og et språk om farger» Det vart servert heimelaga rømmegraut/ spekemat til alle.

Kurs i 2018.

Kunstlaget har hatt følgjande kurs:

- Malekurs med Else Gaustad : 20. -22. april og 5. -7. oktober.
- Rammekurs med Arne Aarseth var 10. og 17. september.
- Gjennom å opprette Facebokside for Kunstlaget vil dette vera ein aktuell arena for å dele og gje informasjon om aktivitetar både til medlemmane, men og til publikum. Muligheter for egen markedsføring av aktiviteter.
- Gallerivandring: Invitasjon til gallerivandring 18. mars i Bergen.
- Medlemsituasjon: Det er pr.31.12.2018 56 registrete medlemmer.

Styret har arbeida systematisk med å oppgradere medlemslista og kontaktregistre for medlemar i laget.

Laget har ein økonomi i balanse.

Kulturmidlar tildelt i 2018 gjev mogelegheit til å finansiera husleige av Flatøy skule.

Vi fekk og midlar til å ha pilotprosjekt på strandryddedagen mai 2018.

Alversund 18.02.2019

Mette Marei Træland (sign)

leiar